H. SERIØSITETSKRAV

H.1 Stord kommune sine seriøsitetskrav.

Stord kommune sine seriøsitetskrav er med utgangspunkt i Bransjenæringa sine 11 seriøsitetskrav (Fellesforbundet, BNL, KS, DFØ), men det er gjort endringar i pkt. 3, 4, 7 og 8. *(kursiv skrift)*

H.1.1.1 Inntakskontroll og personleg tryggleiksinformasjon (HMS-kort)

Alle arbeidstakarar skal bere lett synleg og gyldig HMT-kort for bygge- og anleggsnæringen frå noverande arbeidsgjevar utsteda av Arbeidstilsynet.
Ordrestadfesting, søknadsskjema ol. aksepterast ikkje som HMT-kort. Arbeidstakar som ikkje har slikt HMS-kort vil bli vist bort frå bygge- og anleggsplassen.

Alle avtaler entreprenøren inngår for å utføre arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande vilkår.

H.1.1.2 Pliktig medlemskap i leverandørregister

Entreprenøren skal ved inngåing av kontrakt gje opp StartBANK ID eller leggje fram kopi av registreringsbevis frå StartBANK eller tilsvarande leverandørregister, som inneheld oppdatert og kontrollert leverandørinformasjon.

Entreprenøren skal gje leverandørregisteret fullmakt til å innhente SKAV-info (skatte og avgiftsinformasjon) i heile kontraktperioden.

H.1.1.3 Krav om faglærte handverkarar

Ved utføring av kontraktarbeidet skal *majoriteten av arbeidstimane (meir enn 50%)* innanfor bygg- og anleggsfaga i alle ledd av kontrakten utførast av personar med fagbrev, sveinebrev eller dokumentert fagopplæring i samsvar med nasjonal fagopplæringslovgjevnad eller likeverdig utanlandsk fagutdanning. Det skal vere fagarbeidarar i alle ledd av kontrakten innanfor bygg- og anleggsfaga. *Det kan gjevast unntak for mindre bedrifter og enkeltmannsføretak etter skriftleg søknad og godkjenning frå byggherren.*

Entreprenøren skal etter inngåing av kontrakt gjere greie for korleis kravet vil bli oppfylt, og jamleg sende bemanningsplaner og rapportar som syner oppfyllingsgraden til byggherren. Ved kontraktavslutning skal det leggjast fram oversikt over tal på fagarbeidartimar. Elektroniske timelistar skal leggjast fram kvar månad.

Entreprenøren skal levere sluttrapport som dokumenterer at entreprenøren har oppfylt kontraktkravet.

Ved vesentleg misleghald av pliktene i første og andre avsnitt, eller der det er grunn til å tro at slikt misleghald vil inntreffe, kan Byggherren med rimeleg varsel stanse arbeidet for entreprenøren sin rekning og risiko eller heve kontrakten.

H.1.1.4 Lærlingar

Plikt til bruk av lærling

Det er eit krav for gjennomføring av denne kontrakten at entreprenøren skal vere tilknytt ei offentleg godkjend lærlingordning og at lærlingar skal delta i utføringa av kontraktarbeidet innanfor bygg og anleggsfaga, jf. LOA § 7 og forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar i offentlege kontraktar.

Utanlandske entreprenørar kan oppfylle lærlingkravet ved å nytte lærlingar som er knytt til offentleg godkjent lærlingordning i Norge eller tilsvarande ordning i det landet dei opphavleg kjem frå. Dersom dette landet ikkje har ei lærlingordning, kan kravet oppfyllast ved å nytte praksiselev frå ei opplæringsordning i det landet dei opphavleg kjem frå.

Kravet skal oppfyllast av entreprenøren og hans underentreprenørar.

Ved utføring av arbeid i denne kontrakten skal minimum ***7 %*** av arbeidande timer i bygg og anleggsfaga i alle ledd av kontrakten utførast av lærlingar. Kravet kan delvis oppfyllast ved at arbeidde timar er utført av personar, som er under systematisk opplæring og er meldt opp etter krava i Praksisordninga, jf. opplæringslova § 3-5. Det kan gjevast unntak i fag der det er uråd å tilsetja lærlingar eller mindre bedrifter og einmannsføretak.

Entreprenøren skal stille tilsvarande krav til sine underentreprenørar. Byggherren kan krevje at entreprenøren bytter ut dei underentreprenørarar, som ikkje oppfyller sine pliktar etter desse krava. Dette skal skje for entreprenøren sin rekning og risiko.

Entreprenøren skal ved oppstart, og på oppmoding under gjennomføringa av kontraktarbeidet, levere plan for korleis krava vil bli oppfylt. Entreprenøren skal gjennom månadsrapportane dokumentere at krava er oppfylte.

Byggherren kan holde tilbake inntil 5 promille av kontraktssummen dersom ovannemnde krav blir mislighalde, eller det grunn til å tru at slikt mislighald vil inntreffe, og forholdet ikkje blir retta innan rimeleg tidsfrist gitt ved skriftleg varsel. Dersom kravet ikkje er oppfylt ved overtakinga avkortast vederlaget med inntil 5 promille av kontraktssummen.

Ved gjentakande misleghald av ovannemnde plikter, eller dersom det er grunn til å tru at slik misleghald vil inntreffe, kan byggherren, med rimeleg varsel, stanse arbeida for entreprenøren si rekning og risiko, eller heve kontrakten.

H.1.1.5 Innrapportering av utanlandske arbeidstakarar og arbeidarar

Oppdrag/kontrakt gitt til utanlandsk leverandør eller underleverandør, og alle arbeidstakarar på slik kontrakt, skal rapporterast til Sentralskattekontoret for utanlands-saker i samsvar med Skatteforvaltningslova § 7 - 6.

Entreprenøren er ansvarleg for at slik rapportering skjer i heile kontraktkjeda. Entreprenøren skal på førespurnad dokumentere at rapporteringsplikten er oppfylt ved kopi av innmeldingsskjema eller kvittering frå Altinn.

Eventuelt ansvar for skatter eller avgifter, gebyr eller tvangsmulkt pålagt byggherren, som følge av at entreprenøren ikkje har overhalde sine forpliktingar etter dette punktet, er entreprenøren sitt ansvar og skal betalast av entreprenøren.

Alle avtaler entreprenøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande vilkår.

H.1.1.6 Internkontroll. Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA)

Entreprenøren skal følgje den til ei kvar tid gjeldande arbeidsmiljølov med tilhøyrande forskrifter, byggherren sin plan for tryggleik, helse og arbeidsmiljø (SHA) og byggherren sin koordinator sine merknader/påbod.

Entreprenøren plikter å ha eit internkontrollsystem og ta i vare sine plikter med omsyn på helse, miljø og tryggleik på bygge- og anleggsplassen i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover og reglar, og byggherren sin plan for tryggleik, helse og arbeidsmiljø (SHA).

Relevante deler av byggherren sin SHA-plan skal innarbeidast i, og følgjast opp gjennom entreprenøren sin internkontroll. Innarbeidinga skal skje slik at SHA-planens krav kan identifiserast.

Med mindre anna er avtalt, skal all kommunikasjon mellom nøkkelpersonar i prosjektet gå føre seg på norsk. Entreprenøren skal sørge for at arbeidstakarane han og eventuelle underleverandørar nytter

kan kommunisere på ein slik måte at manglande kommunikasjon ikkje utgjer ein tryggleiksrisiko, sjå elles krav i SHA-planen.

For å unngå at det skjer ulykker på grunn av at ikkje alle forstår informasjonen, som vert gjeve, gjeld følgjande spesielle kontraktvilkår, som skal sikre seriøsitet i bygg- og anleggskontraktar:

- Minst ein av det utførande personell på eitkvart arbeidslag skal kunne forstå og gjere seg forstått på norsk. Dersom fleire utfører oppdrag saman, skal vedkomande i tillegg forstå og gjere seg forstått på eit språk alle dei andre på arbeidslaget forstår og kan gjere seg forstått på.

- Alle på byggeplassen skal forstå SHA-plan, tryggleiksopplæring, HMT-rutinar, verneprotokollar, tryggleiksinstruksar, SJA, tryggleiksdatablad, bruksrettleiing for verktøy og arbeidsutstyr, varselskilt m.m. materialet skal liggje føre på det språk vedkomande arbeidstakar brukar som morsmål, såframt arbeidstakaren ikkje forstår informasjonen fullt ut på norsk.

Ved brot på ovannemnde plikter, har Byggherren rett til å stanse arbeida, dersom byggherren ser dette som naudsynt.

Vesentleg misleghald av ovannemnde plikter kan byggherren vise til som grunnlag for heving av kontrakten dersom forholdet ikkje blir retta innafor rimeleg tidsfrist gitt ved skriftleg varsel, med varsel om heving om så ikkje skjer. Der slikt misleghald består i stadige brot på pliktene, kan byggherren heve sjølv om entreprenøren retter forholda. Byggherren kan på same måte krevje at entreprenøren skifter ut underleverandørar. Dette skal skje utan omkostningar for byggherren.

Alle avtaler entreprenøren inngår for å utføre arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande vilkår.

H1.1.7 Krav til løns- og arbeidsvilkår

Arbeid for Stord kommune skal som hovudregel utførast av fast tilsette hjå leverandørane. Innleigde arbeidarar, som jobbar for Stord kommune, skal lønast minimum i samsvar med gjeldande tariffar og ha kontraktar som viser at dei er fast tilsette i 100 % stilling i bemanningsselskapet.

Entreprenøren er ansvarleg for at eigne tilsette og tilsette hos underleverandørar (her under innleigde) som direkte medverkar på kontrakten, har lønns- og arbeidsvilkår i samsvar til:

- Forskrift om allmenngjort tariffavtale der denne kommer til anvendelse.
- Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter av 8. februar 2008 der denne kommer til anvendelse. På områder som ikke er dekket av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal lønns- og arbeidsvilkårene være i henhold til landsomfattende tariffavtale for den aktuelle bransje. Med lønns- og arbeidsvilkår menes bestemmelser om minste arbeidstid, lønn, herunder overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, og dekning av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike bestemmelser følger av tariffavtalen.

Entreprenøren plikter på førespurnad å dokumentera løns- og arbeidsvilkåra for eigne arbeidstakarar og arbeidstakarar hos eventuelle underleverandørar (her under innleigde). Dette gjelder berre for arbeidstakarar som direkte medverkar på kontrakten. Opplysningane skal dokumenterast ved blant annet kopi av arbeidsavtale, lønnsslipp, timelister og arbeidsgivarens bankutskrift. Dokumentasjonen skal være på personnivå og det skal gå fram kven den gjelder for.

Ved brot på krava til løns- og arbeidsvilkår skal entreprenøren rette forholdet. Der brotet har skjedd hos en underleverandør (herunder bemanningsselskaper) er rettingsplikten grensa til krav som er fremma skriftleg innan tre månader etter lønas forfallsdato, både for krav som følger av allmenngjort

tariffavtale og landsomfattande tariffavtale. Dei vilkår og avgrensingar som følger av lov om allmenngjering av tariffavtaler m.v. av 4. juni 1993 § 13 skal gjelde i begge disse tilfella.

Byggherren har rett til å holde tilbake et beløp tilsvarande ca. to gonger innsparinga for arbeidsgivaren. Tilbakehaldsretten opphøyra så snart retting etter føregåande ledd er dokumentert.

Vesentlig mislighold av lønns- og arbeidsvilkår hos entreprenøren kan påberopes av byggherren som grunnlag for heving, sjølv om entreprenøren retter forholda. Dersom brotet har skjedd i underleverandørleddet (herunder bemanningsselskaper), kan byggherren på samme måte kreve at entreprenøren skiftar ut underleverandørar. Dette skal skje for entreprenøren sin rekning og risiko.

Alle avtaler entreprenøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarende bestemmelser.

H.1.1.8 Bruk av underentreprenørar og innleigd arbeidskraft (avgrensing i tal på ledd)

*Kontraktkjeda skal vere avgrensa til **to ledd** der hovudleverandør er første ledd. Det vil sei at Entreprenøren ikkje kan ha fleire enn **eit** ledd underentreprenørar i kjeda under seg.* Innleige av personell frå bemanningsføretak reknast som eit ledd. Byggherren kan godta fleire ledd (maksimum tre ledd) dersom det ligg føre særlege grunnar til det Til dømes på grunn av uføresette eller spesielle omstende som gjer det naudsynt for å få gjennomført kontraktarbeida. Dette krev skriftleg søknad og godkjenning frå byggherren. Prosjekterande er ikkje omfatta av dette kravet.

Entreprenørens bruk av underentreprenørar inkludert innleigd arbeidskraft, skal skriftleg førehandsgodkjennast av byggherren. Byggherren kan nekte bruk av underentreprenørar og innleigd arbeidskraft der han har sakleg grunn. Det same gjeld for utskifting av underentreprenørar i kontraktperioden. Byggherrens godkjenning endrar ikkje entreprenørens forpliktingar ovanfor byggherren.

Entreprenørens bruk av enkeltmannsføretak skal grunngjevast skriftleg og godkjennast av byggherren. Bruk av bemanningsføretak skal varslast byggherren og er underlagt arbeidsmiljølova med krav om likehandsaming i § 14-12a. Byggherren kan berre nekte godkjenning der han har sakleg grunn.

Ved inngåing av kontraktar med underentreprenør som overstig verdi på kr 500.000 eks. mva skal entreprenøren innhente skatteattest, jf forskrift om offentlige anskaffelser. Frå underentreprenørar med forretningsadresse i andre EØS-land enn Norge, skal det innhentast tilsvarande attest. Entreprenøren skal på førespurnad frå byggherren leggje fram skatteattest.
Dersom attesten ikkje vert lagt fram eller viser restansar som ikkje er ubetydelege, kan byggherren krevje at underentreprenøren vert skifta ut for entreprenøren sin rekning og risiko, dersom forholdet ikkje vert retta innan ei rimeleg frist, gjeve ved skriftleg varsel.

Alle avtalar entreprenøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande regler.

H.1.1.9 Krav om betaling til bank

Løn og anna godtgjering til eigne tilsette, tilsette hos underleverandørar og innleigde som direkte medverkar for å oppfylla kontrakten, skal utbetalast til konto i bank. Alle avtalar entreprenøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvrande reglar.

H.1.1.10 Misleghald av kontraktsforpliktingar - konsekvensar for seinare konkurransar

Brot på entreprenøren sine pliktar i denne kontrakten vil bli notert og kan få verknad i seinare konkurransar, anten i kvalifikasjons- eller tildelingsomgangen i samsvar med regelverket for offentlege anskaffingar. Evaluering av entreprenør vil fortrinnsvis bli gjort fortløpande, men i alle tilfelle på slutten av prosjektet.

Alle avtaler entreprenøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande krav/vilkår.

H.1.1.11 Revisjon
For å undersøke om konkurransen sine krav er oppfylt kan byggherren, eller ekstern revisor engasjert av byggherren, gjennomføre revisjon hos entreprenøren/leverandøren og eventuelle underleverandørar i perioden frå kontraktsinngåing til sluttfaktura er betalt for å undersøka kontraktens krav blir oppfylt. Denne tilgangen omfattar også kontraktar og dokumentasjon i underliggjande ledd.

Alle avtaler entreprenøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande vilkår.

H2. Tilleggskrav

H2.1 Eigenrapportering om seriøsitet
Entreprenøren og underleverandørar, inkludert bemanningsføretak, plikter å fylle ut byggherren sitt skjema for eigenrapportering av leverandør før arbeidstakar startar opp på byggeplass, sjå vedlagt skjema. Dersom ikkje anna er avtalt, skal skjemaet vere byggherren i hende ei (1) veke før entreprenøren eller den aktuelle underleverandøren/bemanningsføretaket sitt oppmøte på byggeplass.

Dokumentasjon for rapportering skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg for byggherren.

Brot på denne plikt medfører at arbeidstakarane frå entreprenør, underleverandør eller bemanningsføretak, som ikkje har fylt ut skjemaet, vert bortvist frå byggeplassen.

H.2.2 Direktekrav mot TE sine kontraktmedhjelparar
Ved heving av kontrakten på grunn av entreprenøren sitt misleghald, konkurs eller insolvens har byggherren ein absolutt rett til å tre inn i kontrakt med underentreprenør.
Ved slik realisering tar ikkje byggherren på seg nokon forpliktingar vedkomande krav underentreprenøren måtte ha mot entreprenøren for dei arbeider, som er uført før realiseringstidspunktet.